



MØTEPROTOKOLL

Utval: Kommunestyret
Møtestad: Sal 1. etg., Volda samfunnshus
Dato: 23.05.2019
Tid: 14:00

Faste medlemmer som møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Jørgen Amdam	Leiar	AP
Sølvi Dimmen	Nestleiar	SP
Magnar Sunde	Medlem	AP
Margrete Trovåg	Medlem	AP
Bjørn Ytrestøyl	Medlem	AP
Odd Arne Folkestad	Medlem	U
Roald Arnold Espset	Medlem	FRP
Sindre Kvangarsnes	Medlem	U
Edvin Dale, permisjon kl. 19.10	Medlem	U
Dan Helge Bjørneset	Medlem	H
Arild Iversen	Medlem	KRF
Margrete Bjerkvik	Medlem	KRF
Anders Egil Straume	Medlem	KRF
Henning Holsvik	Medlem	KRF
Erlend Koppen, permisjon kl. 18.05	Medlem	KRF
Erlend Krumsvik	Medlem	U
Odd Harald Sundal	Medlem	U
Rebecca Riise Bjerknes, permisjon kl. 20.15	Medlem	SP
Gunnar Strøm	Medlem	SV
Åshild Vik, permisjon kl. 19.30	Medlem	SV
Idar Flo	Medlem	V

Faste medlemmer som ikkje møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Hild Våge	Medlem	AP
Øyvind Festø	Medlem	MDG
Benedikte Holmberg	Medlem	V
Jan Henning Egset	Medlem	AP
Sindre Rotevatn	Medlem	H
Per Svein Krøvel	Medlem	H



VOLDA KOMMUNE

Varamedlemer som møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Milan Ilic	Hild Våge	AP
Anne-Grete Eiken	Jan Henning Egset	AP
Ivar-Otto Kristiansen	Sindre Rotevatn	H
Petter Espe	Per Svein Krøvel	H
Lars Olav Drabløs	Øyvind Festø	MDG
Hjalmar Eiksund	Benedikte Holmberg	V
Egil Berg, OS 19/19 og PS 39/19	Odd A. Folkestad	U
Lars Peder Barstad PS 39/19	Edvin Dale	FRP
Inger Tove B. Simonnes, PS 44/19, 45/19 og 46/19	Erlend Koppen (Krf) og Erlend Krumsvik (U)	KRF
Kari Aslaug Hasle PS 39/19	Gunnar Strøm (SV)	SV

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Rune Sjugard	Rådmann
Asbjørn Moltudal	Ass. rådmann PS 42/19 og PS 43/19
Kari Mette Sundgot	Økonomisjef PS 40/19 og PS 41/19
Jarl Martin Møller	Kommunalsjef teknisk PS 45/19
Pål Are Vadstein	Prosjektleder teknisk PS 45/19

SAKLISTE

Saksnr.	Sak
PS 36/19	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 37/19	Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte
OS 19/19	Presentasjon av forprosjektet for Volda kunnskapspark
PS 38/19	Innføring av "Helseplattformen".
PS 39/19	Løyving til Voldsfjordkryssing AS - Kommunestyret 13. desember 2018, sak PS 137/18
PS 40/19	Årsmelding 2018 - Volda kommune
PS 41/19	Rekneskap 2018



VOLDA KOMMUNE

- PS 43/19 **Øvre Rotset næringsområde – Fastsetjing av pris**
- PS 42/19 **Kjøp av tomt - Øvre Rotset Næringsområde**
- PS 44/19 **Interkommunalt barnevernvaktsamarbeid på Sunnmøre**
- PS 45/19 **Volda Campus Arena Nytt saksframlegg om kommunal deltaking - etter ny anbodskonkurranse**
- PS 46/19 **Bratteberg skule - etablering av brakkemodular og trafikksikringstiltak**
- PS 47/19 **Rapportering på oppfølging av vedtak pr. 31.03.2019**
- PS 48/19 **Orienteringssaker**
- OS 20/19 **Protokoll frå kontrollutvalsmøtet 09.05.2019 - Volda kommune - Vest kontroll**
- OS 21/19 **Fylkesmannen i Møre og Romsdal - Forventningsbrev 2019**
- OS 22/19 **Utmeldingar frå Framstegspartiet - Egil Berg, Edvin Dale, Odd Arne Folkestad, Ragnhild Folkestad, Sindre Kvangarsnes og Edvin Mårstøyl**
- OS 23/19 **Statens vegvesen - vidare arbeid med felles samferdselspakke Volda og Ørsta**
- OS 24/19 **Volda symjehall**
- FO 3/19 **Interpellasjon**
- FO 4/19 **Interpellasjon - Digitale læremiddel på nynorsk må sikrast**
- FO 5/19 **Interpellasjon - Ny symjehall i Volda**
- FO 6/19 **Grunngjeve spørsmål – Utbetringar ved Raudemyrvegen**
- PS 49/19 **Referatsaker**
- RS 1/19 **Flaumtilpassingstiltak i Melshornsida – status**
- PS 50/19 **Delegerte saker frå avdelingane**
- DS 47/19 **Mellombels bruksløyve Gbr 2/107**
- DS 48/19 **Igangsettingsløyve Gbr 19/110**
- DS 49/19 **Ferdigattest Gbr 30/4**



VOLDA KOMMUNE

DS 50/19	Løyve til tiltak Gbr 20/537
DS 51/19	Ferdigattest Gbr 21/166
DS 52/19	Rammeløyve Gbr 19/80
DS 53/19	Rammeløyve, tilbygg Gbr 30/170
DS 54/19	Ferdigattest Gbr 17/235
DS 55/19	Ferdigattest Gbr 6/24
DS 56/19	Mellombels bruksløyve Gbr 18/403- seksjon 57
DS 57/19	Ferdigattest, garasje Gbr 18/157
DS 58/19	Igangsettingsløyve, byggetrinn 2 Gbr 20/334
DS 59/19	Ferdigattest, bustad Gbr104/1
DS 60/19	Ferdigattest, bustad Gbr 6/41
DS 61/19	Igangsettingsløyve Gbr 20/334
DS 62/19	Løyve til tiltak, riving av brannrestar Gbr 111/2
DS 63/19	Ferdigattest, bustad Gbr 146/45
DS 64/19	Løyve til tiltak, antenne Gbr 131/4
DS 65/19	Ferdigattest Gbr 46/2
DS 66/19	Løyve til tiltak, garasje Gbr 6/41
DS 67/19	Ferdigattest Gbr 20/535
DS 68/19	Løyve til tiltak Gbr 145/2
DS 69/19	Ferdigattest, rehab. skorstein Gbr 148/3
DS 70/19	Løyve til endring Gbr 20/535
DS 71/19	Løyve til tiltak Gbr 12/46
DS 72/19	Ferdigattest, hytte Gbr 109/15
DS 73/19	Løyve til tiltak Gbr 18/23
DS 74/19	Løyve til tiltak Gbr 20/140
DS 75/19	Ferdigattest Gbr 131/62
DS 76/19	Ferdigattest Gbr 19/24
DS 77/19	Rammeløyve Gbr 12/59
DS 78/19	Rammeløyve, studensbustadar byggetrinn 2 Gbr 20/334
DS 79/19	Ferdigattest, tilbygg Gbr 20/142
DS 80/19	Ferdigattest - gbr 20/284
DS 81/19	Rammeløyve, tilbygg Gbr 17/80
DS 82/19	Løyve til tiltak, tilbygg Gbr 87/7
DS 83/19	Ferdigattest - Gbr 18/91/125
DS 84/19	Løyve til tiltak, tilbygg Gbr 86/15
DS 85/19	Løyve til tiltak Gbr 18/214
DS 86/19	Løyve til tiltak Gbr 30/119
DS 87/19	Løyve til tiltak, tilbygg Gbr 20/323
DS 88/19	Ferdigattest, tilbygg Gbr 128/1
DS 89/19	Ferdigattest, garasje Gbr 13/110
DS 90/19	Ferdigattest Gbr 30/36
DS 91/19	Ferdigattest Gbr 19/535



VOLDA KOMMUNE

PS 36/19 Godkjenning av innkalling og sakliste

Handsaming:

Innleiingsvis i møtet hadde kulturskulen eit musikkinnslag. Hallvard Amdam spelte fiolin, saman med lærar Inna Svendsen.

Det var 27 møtande ved møtestart.

Innkalling

Innkalling med sakliste vart lagt ut på lesebretta og publisert på heimesida den 16.05.2019 Møtet vart annonsert i «Møre» den 21.05.2019.

Sakliste

Ordføraren kom med følgjande framlegg til tillegg og endring av saklista:

- Sak PS 43/19 vert handsama før PS 42/19
- Grunngjeve spørsmål frå Roald Espset om utbetringar ved Raudemyrvegen vert sett på saklista
- Orienteringssak om symjehallen vert sett på saklista

Erlend Krumsvik trekte interpellasjonen om symjehall.

Margrete Bjerkvik reiste spørsmål om kapasiteten til lesebretta. Ordføraren informerte om innføring av ny møteportal, og at det nye systemet truleg vil løyse utfordringane.

Ettersendte dokument 22.05.2019:

Grunngjeve spørsmål - Utbetringar ved Raudemyrvegen.

Volda Næringsforum. Merknad til sak: Kjøp av Tomt - Øvre Rotset næringsområde, datert 21.05.2019.

Statsbygg. Kostnader vidare drift Volda svømmehall, datert 20.05.2019.

Røysting:

Innkalling og sakliste, med endring frå ordføraren og Erlend Krumsvik, vart godkjent.

PS 37/19 Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte

Røysting:

Møteprotokollen frå møte 28.03.2019 vart godkjend utan merknad.



OS 19/19 Presentasjon av forprosjektet for Volda kunnskapspark

Handsaming:

Odd A. Folkestad reiste spørsmål om habilitet. Han er styremedlem i Sunnmøre kulturnæringshage, jf. fvl. § 6, 1. 1, e, nr. 2 Han tok ikkje del i handsaminga og røystinga over spørsmålet om habilitet.

Erlend Krumsvik reiste spørsmål om habilitet. Han er tilsett i Sunnmøre kulturnæringshage, jf. fvl. § 6, 2. 1. Han tok ikkje del i handsaminga og røystinga over spørsmålet om habilitet.

Gunnar Strøm reiste spørsmål om habilitet. Han er varamedlem i styret for Sunnmøre kulturnæringshage, jf. fvl. § 6, 1. 1, e, nr. 2 Han tok ikkje del i handsaminga og røystinga over spørsmålet om habilitet.

Røysting habilitet

Odd A. Folkestad vart samrøystes kjent inhabil og vara Egil Berg tok sete.

Erlend Krumsvik vart samrøystes kjent habil og han tok sete.

Gunnar Strøm vart samrøystes kjent habil og han tok sete.

Martin Foldal frå Sunnmøre Kulturnæringshage, Jens Standal Groven frå Høgskulen i Volda og Tarjei Vassbotn frå Disruptive Technologies orienterte om forprosjektet for Volda kunnskapspark.

Odd A. Folkestad tok sete og vara Egil Berg gjekk frå.

PS 38/19 Innføring av "Helseplattformen".

Vedtak i kommunestyret - 23.05.2019:

- 1. Kommunestyret syner til prosjektet for innføringa av Helseplattforma og sluttar seg til organiseringa som er skissert i saksutgreiinga. Kommunestyret er kjent med at prosjektet vil medføre prioritering av interne ressursar.*
- 2. Kommunestyret oppmodar staten om å ta medansvar for finansiering av Helseplattforma, og sikre at innføringa av «Ein pasient – ein journal» skjer på like vilkår for alle kommunane i landet sjølv om Midt-Norge er først ut som eit regionalt utprøvningsprogram.*

Handsaming:

Tommy Dahl, representant for kommunane på søre Sunnmøre i regional arbeidsgruppe, orienterte om Helseplattforma og innføring av felles journalsystem.



VOLDA KOMMUNE

Røysting (27 røysteføre):

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteken.

PS 39/19 Løyving til Voldsfjordkryssing AS - Kommunestyret 13. desember 2018, sak PS 137/18

Vedtak i Kommunestyret - 23.05.2019:

Det vert synt til vedtak i kommunestyret frå møtet 13.desember 2018 PS-sak 137/18 pkt. 15 vedkomande utbetaling av 1 mill. til Voldsfjordkryssing AS. Kommunestyret vedtek med grunnlag i ovannemnde vedtak, tilsend dokumentasjon og utgreiinga å utbetale resterande løyvd sum kr. 1 mill. til selskapet.

Handsaming:

Odd A. Folkestad reiste spørsmål om habilitet. Han er dagleg leiar i Voldsfjordkryssing AS, jf. fvl. § 6, 1. 1, e, nr. 2. Han tok ikkje del i handsaminga og røystinga over spørsmålet om habilitet.

Edvin Dale reiste spørsmål om habilitet. Han er styremedlem i Voldsfjordkryssing AS, jf. fvl. § 6, 1. 1, e, nr. 2. Han tok ikkje del i handsaminga og røystinga over spørsmålet om habilitet.

Arild Iversen reiste spørsmål om habilitet. Han er styremedlem i Voldsfjordkryssing AS, jf. fvl. § 6, 1. 1, e, nr. 2. Han tok ikkje del i handsaminga og røystinga over spørsmålet om habilitet.

Margrete Trovåg reiste spørsmål om habilitet. Ho er styremedlem i Voldsfjordkryssing AS, jf. fvl. § 6, 1. 1, e, nr. 2. Ho tok ikkje del i handsaminga og røystinga over spørsmålet om habilitet.

Gunnar Strøm reiste spørsmål om habilitet. Han har levert fråsegn i plansaka om Voldsfjordkryssing, jf. fvl. § 6, 2. ledd. Han tok ikkje del i handsaminga og røystinga over spørsmålet om habilitet.

Røysting habilitet:

Odd A. Folkestad vart samrøystes kjent inhabil og vara Egil Berg tok sete.

Edvin Dale vart samrøystes kjent inhabil og vara Lars Barstad tok sete.

Arild Iversen vart samrøystes kjent inhabil.

Margrete Trovåg vart samrøystes kjent inhabil.

Gunnar Strøm vart samrøystes kjent inhabil og vara Kari Hasle tok sete.

Ordføraren kom med slikt framlegg:

Kommunestyret tek framlegget frå formannskapet til vitende.

Anders Egil Straume, Dan Helge Bjørneset og Sindre Kvangarsnes kom med slikt fellesframlegg:



VOLDA KOMMUNE

Andre avsnitt i tilrådinga frå formannskapet vert stroke.

Jørgen Amdam trekte framlegget sitt.

Røysting (25 røysteføre):

Det vart røysta alternativt mellom fellesframlegget frå Anders Egil Straume, Dan Helge Bjørneset og Sindre Kvangarsnes og tilrådinga frå formannskapet. Fellesframlegget fekk 20 røyster og vart vedteke, tilrådinga frå formannskapet fekk 5 røyster og fall.

Odd A. Folkestad, Edvin Dale, Arild Iversen, Margrete Trovåg og Gunnar Strøm tok sete. Vara Egil Berg, Lars Barstad og Kari Hasle gjekk frå.

Tilråding i formannskapet - 02.04.2019 til kommunestyret:

Det vert synt til vedtak i kommunestyret frå møtet 13. desember 2018 PS-sak 137/18 pkt. 15 vedkomande utbetaling av 1 mill. til Voldsfjordkryssing AS. Formannskapet vedtek med grunnlag i ovannemnde vedtak, tilsend dokumentasjon og utgreiinga å utbetale resterande løyvd sum kr. 1 mill. til selskapet.

Løyvinga skal nyttast til planprogram/analyse av framtidig kryssing av Dalsfjorden i samsvar med vedtaket i budsjettmøtet i KST 13. desember 2018, og ikkje til dagleg drift av selskapet.

Saka skal vidare til KST sidan bruken av løyvinga er endra sidan vedtaket i budsjettvedtaket i desember.

PS 40/19 Årsmelding 2018 - Volda kommune

Vedtak i kommunestyret - 23.05.2019:

Årsmelding 2018 for Volda kommune vert teken til vitande.

Handsaming:

Økonomisjef Kari Mette Sundgot orienterte.

Røysting (27 røysteføre):

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteken.



VOLDA KOMMUNE

PS 41/19 Rekneskap 2018

Vedtak i kommunestyret - 23.05.2019:

Årsrekneskapen 2018 for Volda kommune (drifts-, investerings- og balanserekneskapen) vert godkjent.

Rekneskapsmessig mindreforbruk for 2018 på kr. 4 630 549,- vert sett av til disposisjonsfond

Handsaming:

Økonomisjef Kari Mette Sundgot orienterte.

Røysting (27 røysteføre):

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteken.

PS 43/19 Øvre Rotset næringsområde - Fastsetjing av pris.

Vedtak i kommunestyret - 23.05.2019:

- 1. Volda kommunestyre vedtek at prisen på tomter på Øvre Rotset næringsområde vert sett til kr. 790,- pr. m2 inkludert grunnkjøp.*
- 2. For det arealet som ligg lengst aust og som i reguleringsplanen og føresegnene er omfatta av avgrensing i høve til potensiell skredfare (om lag 32,4 da) vert prisen sett til kr. 675- pr. m2 inkludert grunnkjøp.*
- 3. Prisen skal justerast i samsvar med SSBs konsumprisindeks med utgangspunkt i 31.12.2018.*
- 4. I tillegg kjem tilknytingsavgifter for vatn og avlaup og kostnad med oppmåling/tinglysing. Salsvilkår og reguleringsvedtekter skal tinglysast som hefte.*

Handsaming:

Ettersendt dokument 22.05.2019:

Volda Næringsforum. Merknad til sak: Kjøp av Tomt - Øvre Rotset næringsområde, datert 21.05.2019.

Ass. rådmann Asbjørn Moltudal svara på spørsmål frå kommunestyret.

Arild Iversen kom med framlegg om å debattere sak PS 43/19 og PS 42/19 samla.

Røysting:



VOLDA KOMMUNE

Framlegget frå Arild Iversen om å debattere sakene samla fekk 22 røyster og vart vedteke, 5 røysta mot.

Erlend Koppen fekk permisjon kl. 18:05.

Milan Ilic gjekk frå kl. 18:20.

Røysting (25 røysteføre):

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteken.

PS 42/19 Kjøp av tomt - Øvre Rotset Næringsområde

Vedtak i kommunestyret - 23.05.2019:

- 1. Volda kommunestyre godkjenner vedlagde opsjonsavtale og kjøpekontrakt mellom Volda kommune og Retail Eigedom AS.*
- 2. I tillegg til tomteprisen kjem tilknytingsavgifter for vatn og avlaup og kostnad med oppmåling/tinglysing. Salsvilkår og reguleringsvedtekter skal tinglysast som hefte.*

Handsaming:

Milan Ilic møtte.

Ass. rådmann Asbjørn Moltudal svara på spørsmål frå kommunestyret.

Ordføraren kom med slikt framlegg:

I tillegg til tomteprisen kjem tilknytingsavgifter for vatn og avlaup og kostnad med oppmåling/tinglysing. Salsvilkår og reguleringsvedtekter skal tinglysast som hefte.

Erlend Krumsvik kom med slikt framlegg:

Saka vert utsett.

Odd A. Folkestad kom med slikt framlegg:

- 1. Saka vert utsett til arealplanen er handsama.*
- 2. Retail Eigedom AS vert å orientere om vedtaket, og at utsetjinga aleine skuldast forsinka handsaming av arealplanen.*

Erlend Krumsvik trekte utsettingsframlegget.

Prøverøysting utsetting:



VOLDA KOMMUNE

Utsettingsframlegget fekk 6 røyster, 20 røysta mot.

Endeleg røysting utsetting:

Utsettingsframlegget fekk 6 røyster og fall, 20 røysta mot.

Røysting (26 røysteføre):

Tilrådinga frå formannskapet fekk 23 røyster og vart vedteke, 3 røysta mot.

Framlegget frå ordføraren vart samrøystes vedteke.

Tilråding i Formannskapet - 14.05.2019 til kommunestyret:

Volda kommunestyre godkjenner vedlagde opsjonsavtale og kjøpekontrakt mellom Volda kommune og Retail Eigedom AS.

PS 44/19 Interkommunalt barnevernvaktsamarbeid på Sunnmøre

Vedtak i kommunestyret - 23.05.2019:

Volda kommune takkar ja til tilbud om å ta del i interkommunal barnevernsvakt på Sunnmøre med Ålesund som vertskommune.

Det vert lagt fram eiga sak for fellesnemnda om godkjenning av samarbeidsavtale med Ålesund kommune om interkommunal barnevernsvakt etter vertskommunemodell jmf kommunelova § 28.

Handsaming:

Inger-Tove Simonnes tok sete som vara for Erlend Koppen.

Røysting (27 røysteføre):

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteken.



VOLDA KOMMUNE

PS 45/19 Volda Campus Arena Nytt saksframlegg om kommunal deltaking - etter ny anbodskonkurranse

Vedtak i kommunestyret - 23.05.2019:

- 1. Volda kommunestyre godkjenner auka låneopptak på kr. 33 305 000 til kommunale investeringar i samband med bygging av idrettshall:*

Infrastruktur	25 600 000
Kjøp tomt	8 200 000
Dokumentavgift 2,5%	205 000
Andre tomtekostnader	1 800 000
Kjøp parkeringseksjon	12 000 000
Bygging av full parkeringskjeller	9 500 000
Investering Volda kommune	57 305 000
Tidlegare vedtak på låneopptak	-24 000 000
Auka låneopptak	33 305 000

Kapitalkostnad knytt til auka låneopptak vert å innarbeide i budsjett 2020/økonomiplan 2020-2023.

- 2. Kommunestyret godkjenner innløyising av opsjon med full parkeringskjellar, kr 9 455 667. Dette ligg inne i tabellen i pkt. 1. Dette vil gi totalt 122 biloppstillingsplassar i parkeringskjellaren.*
- 3. Kommunestyret godkjenner ei økonomisk ramme for leige av hall på inntil kr 3 350 000 eks. mva. pr. år i 30 år. Samla leigekostnad vert å innarbeide i komande budsjett og økonomiplan. Leigeavtalen vert i eiga sak lagt fram for Formannskapet til handsaming. Godkjenning av avtalen er ein føresetnad for å starte bygging av idrettshallen.*
- 4. Kommunestyret godkjenner vedlagte forslag til avtale mellom Volda kommune og VCA AS, revidert 29.04.2019. Denne avtalen erstattar gjennomføringsavtalen som vart godkjent i kommunestyret i K-sak 7/19. Avtalen vert signert av ordførar og VCA sin styreleiar etter vedtak i Kommunestyret og VCA AS sitt styre.*
- 5. Kommunestyret godkjenner vedlagte forslag til avtale/oversikt for fordeling av drift av utomhusanlegg, datert 28.01.2019.*

Handsaming:

Sakshandsamar Pål Are Vadstein og kommunalsjef teknisk Jarl Martin Møller møtte.

Erlend Krumsvik reiste spørsmål om habilitet. Han er styremedlem i Volda Campus Arena, jf. fvl. § 6, 1. 1, e, nr. 2. Han tok ikkje del i handsaminga og røystinga over spørsmålet om habilitet.



VOLDA KOMMUNE

Idar Flo reiste spørsmål om habilitet. Han er styremedlem i Volda Campus Arena, jf. fvl. § 6, 1. l, e, nr. 2. Han tok ikkje del i handsaminga og røystinga over spørsmålet om habilitet.

Røysting habilitet:

Erlend Krumsvik vart samrøystes kjent inhabil og vara Inger-Tove Simonnes tok sete for Erlend Krumsvik.

Idar Flo vart samrøystes kjent inhabil.

Jonny Kragset i styringsgruppa Volda Campus Arena, orienterte om status for prosjektet.

Edvin Dale fekk permisjon kl. 19.10.

Magnar Sunde kom med slikt fellesframlegg, nytt punkt 6, på vegne av partia SV, SP og AP:

Kommunestyret set som vilkår for ekstraløyving at to representantar valde av og frå Volda kommunestyre må inngå i VCA AS sitt styre.

Åshild Vik fekk permisjon kl. 19.30.

Røysting (23 røysteføre):

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteken.

Fellesframlegget frå SV, SP og AP fekk 10 røyster og fall, 13 røysta mot.

Det vart røyta kontra, 13 røysta mot og 10 røysta for.

Erlend Krumsvik og Idar Flo tok sete.

PS 46/19 Bratteberg skule - etablering av brakkemodular og trafikksikringstiltak

Vedtak i kommunestyret - 23.05.2019:

Volda kommunestyre vedtek å flytte og setje istand brakker som er lokalisert ved Øyra skule til Bratteberg skule innanfor ei kostnadsramme på 1 700 000 kr eks.mva

Tiltaket vert finansiert ved omprioritering av investeringsmidlar slik det går fram av saka.

Handsaming:

Inger-Tove Simonnes tok sete for Erlend Koppen.

Røysting (24 røysteføre):



VOLDA KOMMUNE

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteken.

PS 47/19 Rapportering på oppfølging av vedtak pr. 31.03.2019

Vedtak i kommunestyret - 23.05.2019

Kommunestyret tek rapport vedtaksoppfølging pr 31.03.2019 til vitende.

Handsaming:

Inger-Tove Simonnes fekk permisjon kl. 19.50.

Røysting (23 røysteføre):

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteken.

PS 48/19 Orienteringssaker

OS 20/19 Protokoll frå kontrollutvalsmøtet 09.05.2019 - Volda kommune - Vest kontroll

OS 21/19 Fylkesmannen i Møre og Romsdal - Forventningsbrev 2019

OS 22/19 Utmeldingar frå Framstegspartiet - Egil Berg, Edvin Dale, Odd Arne Folkestad, Ragnhild Folkestad, Sindre Kvangarsnes og Edvin Mårstøyl

OS 23/19 Statens vegvesen - vidare arbeid med felles samferdselspakke Volda og Ørsta

FO 07/19 Grunngeve spørsmål – Utbetringar ved Raudemyrvegen

Roald Espset reiste grunngeve spørsmål til ordføraren om utbetringar ved Raudemyrvegen. Ordføraren svar Espset. Espset takka for svaret, og oppmoda kommunen om å orientere grunneigarane om vidare framdrift i saka.

OS 24/19 Symjehall

Ettersendt brev frå Statsbygg: Kostnader vidare drift Volda svømmehall, datert 20.05.2019.



VOLDA KOMMUNE

Ordføreren og rådmannen orienterte. Det vert lagt fram sak til formannskapet og kommunestyret i juni.

Rebecca Riise Bjerknes fekk permisjon kl. 20.15. Det var 22 røysteføre i framhald av møtet.

FO 4/19 Interpellasjon - Digitale læremiddel på nynorsk må sikrast

Handsaming:

Ordføreren kom med slikt endringsframlegg punkt 2:

Volda kommune vil gje klar melding til tilbydarar av digitale læremiddel at kommunen må følgje opplæringslova når det gjeld språkkrav til digitale læremiddel, og at vi ynskjer læremiddel på nynorsk.

Gunnar Strøm trekte punkt 2 i interpellasjonen sin.

Røysting (22 røysteføre):

Framlegget frå Gunnar Strøm og ordføreren vart samrøystes vedteke.

Vedtak i kommunestyret - 23.05.2019

- *Volda kommune vil som hovudregel ikkje kjøpe inn eller nytte digitale læremiddel på bokmål, som etter opplæringslova skal finnast på nynorsk*
- *Volda kommune vil gje klar melding til tilbydarar av digitale læremiddel at kommunen må følgje opplæringslova når det gjeld språkkrav til digitale læremiddel, og at vi ynskjer læremiddel på nynorsk.*
- *Volda kommune vedtek ein uttale om at retten til digitale læremiddel på nynorsk må sikrast*

FO 5/19 Interpellasjon - Ny symjehall i Volda

Handsaming:

Interpellasjonen vart trekt.

PS 49/19 Referatsaker



VOLDA KOMMUNE

RS 1/19 Flaumtilpasningstiltak i Melshornsida - status

PS 50/19 Delegerte saker frå avdelingane

Rett utskrift,
Volda kommune, servicekontoret
24.05.2019

Sonja Håvik
førstekonsulent